

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	23.03.2026
Vår referanse	2026/8202-6
Dykkar referanse	06000c1f-c960-45b3-a7df-d3b1c2d0564a
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til søknad om mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Hamlagrøvatnet, NVE-ref.: 202605119

Samandrag av innspel

Vestland fylkeskommune har ikkje vesentlege merknader til tiltaket. Det er ikkje kjent automatisk freda eller nyare tids kulturminne som vert direkte råka, og kjende kulturminne i området ligg i hovudsak lenger unna reguleringssona. Tiltaket er lagt til grunn å ikkje medføre vesentleg auka fare for erosjon eller utrasing. Det ligg heller ikkje føre merknader knytt til friluftsliv og rekreasjon, eller avgjerande fiskefaglege innspel til søknaden.

Innleiing og bakgrunn

Vestland fylkeskommune viser til høyring frå NVE om søknad frå Eviny Fornybar AS, datert 24.02.2026, om mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Hamlagrøvatnet i Bergsdalsvassdraget.

Søknaden gjeld høve til tapping ut over slutten av lågvasstandsperioden fram til 30.04.2026, samt fråvik frå krav til sommarvasstand ved regulering av dei øvste to metrane under HRV i perioden 15.08.2026-01.09.2026. Bakgrunnen for søknaden er planlagd omlegging av leidningsnett i regi av Statnett, og revisjons- og sikringsarbeid ved Dale kraftverk. Ifølgje søkjar vil tiltaka bidra til betre flaumdemping i Bergsdalsvassdraget.

Faglege vurderingar

Kulturminne og kulturmiljø

Arealplan Vestland fylkeskommune viser til sak om fråvik av regulert vasstand i Hamlagrøvatnet. I våre arkiv er det ikkje kjent informasjon om automatisk freda eller nyare tids kulturminne, som vil verta direkte råka av planlagt tiltak.

Området rundt vatnet har ein del støls- og beiteområde og det kan slik vera kulturminne me er kjent med eller har kartlagt. Det som er kjent ligg likevel lenger opp og inn i frå vatnet. Me legg til grunn at tiltaket ikkje fører med seg vesentleg auka fare for erosjon og utrasing.

Me har slik ikkje vesentlege merknader til tiltaket.

Friluftsliv og rekreasjon

Ingen merknad.

Vassmiljø og fisk

Vi har ikkje avgjerande fiskefaglege innspel til søknad om fråvik frå manøvreringsreglementet gjeldande Hamlagrøvatnet.

Kontaktpersonar for fagområda

- Automatisk freda kulturminne - Jostein Aksdal
- Nyare tids kulturminne - Gunnbjørg Austrheim og Berit Vik
- Friluftsliv - Anders Søyland
- Vassmiljø og fisk - Finn Olav Myhren

Med helsing

Sølve Dag Sondbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
VOSS HERAD	Postboks 145	5701	VOSS
KVAM HERAD	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
VAKSDAL KOMMUNE	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM